

Kanaldagar i knallvêr



FANTASTISK VÊR: Kanaldagane 2017 vart ein kjempesuksess, takka vera god innsats frå dei frivillige og det fantastiske vêret



SILDAKONGEN: Arvid Otto Sildenskiold Mørch, betre kjent som Sildakongen, stod for den offisielle opninga av Kanaldagane 2017 med både skjemt og alvor. Han heidra mellom anna fiskarane og fiskarkonene i opningstalen sin. – Det er ei stor ære å få opne Kanaldagane, sa Sildakongen. Han sa at han hadde seld sild på Bømlo sidan han var liten gut, men dette var første gongen det passa seg slik at han kunne delta med eigen stand på Kanaldagane (FOTO: HÅVARD HAMMARSTRØM)

Eit variert kulturprogram, spennande utstillarar, god mat og vakre skuter lokka om lag 4.500 personar til årets utgåve av Kanaldagane. Her er nokre glimt frå ei helg der festivalområdet låg bada i sol.

Laurdag var det eit yrande folkeliv ved kanalen, og bilar stod laurdag parkerte nesten heile vegen frå Melkevik til Sakseid. Alle dei frivillige gjorde strålende innsats og sikra ny suksess for Kanaldagane. Arrangøren anslår at om lag 4.500 personar var innom festivalområdet i løpet av dei tre dagane Kanaldagane varte.

Storinnrykk laurdag

Her reknar ein med at det var om lag 700 innom festivalen på fredag, 2.500 på dagen laurdag, og om lag 500 på dans og konsert med Vestlandsfanden og Bjørn Jensen laurdag kveld. Sundag reknar ein med at om lag 800 personar var innom festivalområdet. Dermed kan Kanaldagane konkludere med eit av dei best besøkte arrangementa noko sinne.

Håvard Hammarstrøm
havard.hammarstrom@bomlo-nytt.no



HØGE SVEV: Hoppeslottet gjorde stor suksess også i år. Her ser me Patrick Kullseid Eidet (4) i svevet (FOTO: HÅVARD HAMMARSTRØM)



FEKK ANSIKTSMÅLING: Johanna Rydningen Johansen (3 1/2) frå Svortland fekk ansiktsmåling under Kanaldagane (FOTO: HÅVARD HAMMARSTRØM)



SUKKERSPINN: Disse tre fortel om knallgodt sukkerspinn, hopping i hoppeslottet, godteri og ansiktsmåling. Med på biletet er: Kristine Mæland (9), Sofie Mæland (6) og June Olivia Ådnanes Olsen (9) (FOTO: HÅVARD HAMMARSTRØM)



– AUUAUUAU: Lukas Steinsvåg Nesse (3) frå Stautland koser seg bak rattet i brann- og redningsbilen som tok turen til Kanaldagane fredag (FOTO: HÅVARD HAMMARSTRØM)



STORTINGSGATA: Dei politiske partia stilte med stands (Foto: Håvard Hammarstrøm)



ABBA-SUKSESS: Det var så mange som ville ha med seg Abba-showet at det måtte setjast inn ekstra bord

(FOTO: HÅVARD HAMMARSTRØM)



Veret i dag

4-dagersvarsel

Torsdag

+14

Fredag

+13

Laurdag

+15

Sundag

+14

Sola

i dag	06.46	20.26
i morgon	06.48	20.23

Månen

i dag	20.44	06.34
i morgon	21.01	07.56

Bølgevarsel

ons	morgon	0.9 m
	midt på dagen	0.7 m
	kveld	0.8 m
tor	morgon	0.8 m
	midt på dagen	1.2 m
	kveld	1.2 m

Kystvær

i dag	1-4 m/s
i morgon	1-4 m/s

Svortland

i dag	12:08	05:54
i morgon	--:--	18:04

Flo/Fjøre

i dag	00:16	06:27
i morgon	12:44	18:38

Data frå Kartverket sjødivisjonen

Turistbyar

Acapulco	+29
Algarve	+24
Alicante	+28
Kreta	+25
Larnaca	+29
Las Palmas	+26
Las Vegas	+36
Madeira	+25
Malaga	+31
Mallorca	+26
Miami	+31
Nice	+25
Phuket	+31
Rhodos	+27

Me byggjer for allslags vær
Steinsbø

Blink Hus Steinsbø, Hollundsølen, 5430 Bremnes
Tlf. 53 42 85 00 • www.kr-steinsbo.no

Seinsommarpardis i Vedvika



KRABBEFANGST: Det var mykje å finne i fjøra. Til dømes krabber (FOTO: HÅVARD HAMMARSTRØM)

Sundag vart det invitert til den største søndagsturen i Noreg, nemleg Kom deg ut-dagen. På Bømlo var det tilskipingar både på Hiskjo og i Vedvika. Mellom 70 og 80 personar tok turen ut i sør.

– Me har fanga krabbe, flyndre, fisk reker og litt steinar til pynt. Me har fanga fisk med hant og med nevan! Det går bra berre du brukar rette teknikken, og gjer slik. Og så har me gått tur, på postar, og me har padla i kajakk, grilla, ete grillmat, og me har bada, seier Anton Eidesvik (11). Han tykkjer det har vore kjempegøy å vera på Kom deg ut-dagen i regi av Barnas turlag i Langevåg. Dei som står rundt han er samde.

– Er det ikkje kaldt i vatnet?
– Nei! Og eg har bada mest av alle, seier jamgamle Tobias Kallevåg.

Nystarta turlag

Barnas turlag i Langevåg vart starta opp tidlegare i år, og markeringa av Kom deg ut-dagen i Vedvika var den andre i sitt slag sør i kommunen sidan oppstarten. Linda Kallevåg i Barnas turlag seier det er veldig kjekt at så mange ville ta turen til Vedvika.

– Me starta klokka 12, og etter den tid har folk komme og gått.



– **KJEKT Å VERA UTE!** Desse fem tykkjer det er gøy å delta på alle aktivitetane i samband med Kom deg ut-dagen. Med på biletet er Line Eidesvik (11), Lotte Lønning (11), Tobias Kallevåg (11), Anton Eidesvik (11) og Jonas Kallevåg (snart 12) (FOTO: HÅVARD HAMMARSTRØM)

Me har hatt turtipp på veg frå vegen og ned hit til stranda. Her er postar med spørsmål å svare på. I tillegg har me grilla, og Bømlo kajakkklubb har lånt oss kajakkar. Det er me veldig takksame for. Til saman har her vel vore 70–80 personar. Det har vore godt oppmøte og god aktivitet. Barna har leika i stranda og padla. Me har eit veldig fint turområde her, med gapahuk og grill, seier ho. Ved stranda padlar Daniel Lønning (8). Mamma Lilly Stavland passar på at ikkje veslesøster Melina (4) vassar for langt ut i møte med broren. Sjølv om me er i september er det nesten litt sydenstemning på stranda.

– Det har vore heilt nydeleg i dag. For eit vår! Dette har vore veldig kjekt for ungane. Eit flott tiltak, seier Stavland til Bømlo-nytt.

Håvard Hammarstrøm
havard.hammarstrom@bomlo-nytt.no



HEIMTUR: For fire av dei unge vart heimturen ekstra kjekk.

(FOTO: HÅVARD HAMMARSTRØM)